

1 **U9: SV vil redde Bergensbanen!**

2 **Forslagsstillarar:** Marthe Hammer, Alexander Papas og Torunn Olsnes.

3 **Innstilling fra styret:** vedtatt

4
5 Bergensbanen med sine årlege 1,3 millionar tonn gods og 1,3 millionar reisande fortener
6 betre. Banen som blir kalla verdas vakraste togreise, har blitt eit utstillingsvindaug for
7 marknadsliberalismen på sitt verste. Det er ikkje eit vakkert syn.

8
9 Manglande vedlikehald, enkeltspor, svingete trasé, stadige forseinkingar og ustabil
10 vinterdrift pregar Bergensbanen i dag. Problema på Bergensbana og i jernbane-Noreg er
11 politisk skapt og kan dermed berre løysast politisk. Alle land som lykkast med jernbane,
12 har noko til felles: Statleg styring og klare ansvarsforhold.

13
14 Solberg-regjeringa si jernbanereform tok eit dårleg system og gjorde det endå dårlegare.
15 Systemet inneber konkurranseutsetting av jernbanen, og fullstendig pulverisering av
16 ansvaret for han: Norske tog AS kjøper togsetta. Vy, SJ, Flytoget og Go Ahead køyrer toga.
17 Samferdsledepartementet set rammevilkåra. Jernbanetilsynet tar seg av tryggleiken,
18 medan Jernbanedirektoratet bestiller ruter, og Entur sel billettane. Mantena reparerer
19 togsetta, medan Bane NOR tek seg av togskinnene. Likevel tar ingen særleg ansvar når
20 toga står stille, og passasjerar og gods ikkje kjem fram. Det er uholdbart, og det fører til
21 at folk i større grad vel bil eller fly når dei skal reise mellom dei to største byane i landet.

22
23 Skinnegåande transport har eit konkurransefortrinn – at han er føreseieleg. For
24 passasjerane gjev det ein tryggleik om at ein kjem fram, og for godsoperatørar er dette
25 heilt avgjerande. Bergensbanen kan ikkje vera eit unntak. Med sine 371 km bør det vera
26 ei overkommeleg oppgåve for staten å handtere, men då må nokon gjere det som nesten
27 ingen parti tør: Å prioritere jernbanen som nr. 1 i samferdslepolitikken.

28
29 100 år med manglande prioritering kan og bør gjerast noko med. SV vil redde
30 Bergensbanen!

31
32 SV vil

- 33 • ha ein nasjonal jernbaneplan, og vil setje av nok pengar til å gjennomføre denne.
- 34 • sikre langsiktig finansiering og tydelege mål om kor norsk jernbane skal vere om
- 35 10 år.
- 36 • at Stanghelle-Voss skal vere ferdig planlagt slik at vidareføring av K5 blir bygd
- 37 ferdig utan unødvendige forseinkingar.
- 38 • at Bergensbana på Arna-Stanghelle og Ringeriksbanen skal stå klar i 2035.
- 39 • ha fleire og lengre strekk med dobbeltspor.
- 40 • utbetre og vedlikehalde rasoverbygg i høgfjellet og styrkje beredskapen for uventa
- 41 hendingar på vinterstid.
- 42